

## Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Nye punkt under punkt 2:

- (a) Vurdere talet studieplasser vedrørende framtidig vekst av antall studenter. (a)
- (b) Klargjøre om mulig flytting av helsefagskolen til Laksevåg. (b)»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt endringsforslag:

«Endring i punkt 1 strekpunkt 1:

- Administrasjonen må fremja ei sak som gjer greie for fordelar og eventuelle utfordringar ved ulike eigarskapsmodellar.»

### Røysting

Innstillinga punkt 1 og 2 med Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Stenseide sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Stenseide sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtek følgjande tiltak for å styrkja fagskulesektoren i regionen:

- Administrasjonen må fremja ei sak som gjer greie for fordelar og eventuelle utfordringar ved ulike eigarskapsmodellar. Saka skal også gjera greie for korleis styret for fagskulane kan setjast saman gjennom ekstern representasjon i tillegg til eigarrepresentasjon.
- Fylkeskommunen skal gå i dialog med Høgskulen på Vestlandet med mål om å inngå ein samarbeidsavtale om gode og høvelege overgangar mellom fagskuleutdanningar og bachelorutdanningar.
- Fylkeskommunen må nytta sin regionale kompetanse til å kartleggja og fremja behov for fleire studieplassar og fagskuleutdanningar i dialog med sentrale styresmakter når ny finansieringsordning skal etablerast.
- Fylkeskommunen må vurdere korleis fagskulane skal organiserast i ei eventuell ny regionssamansetning.

2. Følgjande tiltak vert sendt over til styret for Fagskolane i Hordaland:

Fylkestinget vil at Fagskolane i Hordaland skal vera ein sentral aktør i regionalt utviklingsarbeid i høve til kompetanseheving, innovasjon og det grønne skiftet. Styret for Fagskolane i Hordaland bør utarbeida ein strategi for å:

- få fagområdegodkjenningar
- utvikla nye fagskuleutdanningar
- styrka samarbeid med arbeidslivet i regionen
- arbeida målretta med internasjonalisering, innovasjon og det grønne skiftet
- vurdere talet studieplassar vedrørende framtidig vekst av talet studenter
- klargjere om mulig flytting av helsefagskolen til Laksevåg